



*Barna – vår fremtid*

### **Kva kan me hjelpa med?**

Viss de som foreldre eller familie ynskjer hjelp frå tilsette i familieeininga, så ta kontakt med helsestasjonen for å få fylt ut eit tilvisingsskjema. Helsesyster eller jordmor kan gjerne hjelpa til. Me tilbyr mellom anna:

- Individuell foreldrerettleiing, som;
  - PMTO
  - Marte Meo
- Forskjellige kurs og grupper for barn, unge og foreldre, som;
  - De Utrolige Årene
  - Circle of Security barn
  - Circle of Security ungdom

### **Kva ventar me oss av dykk?**

At de møter til avtalar, gjer beskjed dersom de er forhindra frå å møte og at de deltek aktivt i prosessane.

## **Kven er me?**

### **Om oss:**

Alle som arbeidar ved familieeininga er tilsette ved helsestasjonen. Me har taushetsplikt, og me arbeider saman med familiar ut frå deira ynskje og behov.

Tilbod ved familieeininga er lågterskeltilbod – det vil sei kort tilvisingsprosess og så kort ventetid som mogleg – og gratis!

Me som arbeider her har ulike yrkes- og utdanningsbakgrunn. Her er to førskulelærarar, ein sosionom, ein vernepleiar, ei helsesyster og ein sjukepleiar, alle med relevante vidareutdanningar og spesialiseringar. **Kontakt oss:**

Helsestasjonen: Kleppetunet, ekspedisjon 2  
etg

Telefon: 51429960 fra kl 08 - 11 30

E-postadresse:

helsestasjonen@klepp.kommune.no

Nettadresse: [www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no)



## **TILBOD VED FAMILIEEININGA**



### **HELSESTASJONEN**

Olav Hålandsveg 2  
4358 Kleppe

*Helsestasjonen i Klepp*

# Gruppetilbod eller individuelt tilbod?

Kva kan passa for dykk?

## Individuelt tilbod

Oppstartsamtale

Samtaler med barn og ungdom

Samtaler med foreldre

PMTO

Marte Meo

## Gruppetilbod

Circle og Security ( COS)

DUÅ ( De Utrolige Årene )

## Samarbeid

Me inviterer inn saman med dykk aktuelle samarbeidspartnere

Me har taushetsplikt og treng samtykke fra dykk.

## Circle of Security – gruppetilbod

Alle foreldre ynskjer å gje sine born tryggleik. Mange foreldre finn likevel foreldreskap utfordrande på ulike vis.

Målet med deltaking på COS-kurs er at de som foreldre skal få fleire verktøy til å hjelpa bornet dykkar med å kjenna tryggleik i seg sjølve, slik at det vil vere betre rusta til å møte utfordringane som kjem vidare i livet.

COS -kurset er på 8 møter og vara om lag 2 timar kvart møte. Ein kan sjølv velje kor mykje ein vil dela i gruppa. Borna er ikkje med på kurset, men det er ynskjeleg at begge foreldre deltek.

---

*Alltid: vær STØRRE, STERKERE,*

*KLOKERE og GOD*

*Når det er mulig: følg barnets behov*

*Når det er nødvendig: ta tak/ledelse*

---

## PMTO – individuelt tilbod

Som foreldre møter ein mange utfordringar i oppdraginga. Alle barn kan oppføra seg trassige eller kan visa aggresjon, men om slik oppførsel vert eit mønster over tid, eller foreldra tykkjer grensesetting er vanskeleg, kan det vera godt å få hjelp.

PMTO er eit tilbod til foreldre med born som har utvikla adferdsvanskar.



## De Utrolige Årene - gruppetilbod

Når born viser uønska adferd har familien lett for å kome inn i eit samspelsmønster der det vert mykje fokus på det barnet gjer som er gale.

Når foreldre endrar si atferd overfor barnet, vil barnet og ofte endra si. I foreldregruppa lærer de som foreldre å bruka enkle men effektive oppdragarprinsipp, og me vektlegg relasjonsbygging, lek, ros og oppmuntring og grensesetting.

## Marte Meo – individuelt tilbod

Marte Meo er ein filmveiledningsmetode der me filmer samspelet mellom born og vaksen, og ser på opptaket saman i etterkant. Når ein ser på opptak av seg sjølv i lag med barnet, syner det tydeleg kva barnet treng for å få støtte i si utvikling.

Det handlar ikkje om hva ein *bør* gjer, men kva ein gjer som er bra! Kva er det i dette samspelet, og måten å vera saman på, som verkar godt? Som fagpersonar ser me ofte at foreldre gjer meir av det som virker, når dei vert «tekne på fersk